



26.05.21

*Til alle foreldre og føresette i skule og barnehage*

Endeleg kom den gledelege nyheita vi har venta på! Frå 27.05.21 er det høve for kommunar til å gå over til grønt nivå i trafikklysmodellen, dersom smittesituasjonen tilseier det.

Kommuneoverlegen har i samarbeid med beredskapsleiinga bestemt at skular og barnehagar i Kviteseid kan vera på grønt nivå frå denne dato.

Grønt nivå betyr at for barn og elevar er kvardagen i stor grad normal, slik den var før pandemien. Det er ikkje krav til inndeling i soner eller kohortar, alle barn og elevar kan omgåast som normalt. For dei vaksne i skule og barnehage, er det framleis nokre krav til kva dei kan gjere og kva dei ikkje kan gjere.

Det er framleis hygienekrav, slik som forsterka handvask.

Det er framleis svært viktig at sjuke barn, elevar og vaksne ikkje møter i skule eller barnehage. Dersom de har vore på reise, eller har anna grunn til å tru at de *kan* ha vore usett for smitte, ber vi om at de er ekstra merksame på symptom, og heller er heime ein dag for mykje enn for lite.

Smittesituasjonen i kring oss er ustabil. Det betyr at nivå i trafikklysmodellen fort kan endre seg til gult eller raudt. Vi minner om at det då kan bli ein dag stengt i skule og barnehage for å gå over til eit anna nivå i trafikklysmodellen.

Med meir smittsame variantar, hamnar fleire personar i karantene ved eit eventuelt utbrot. Dersom mange tilsette i skule eller barnehage kjem i karantene, kan dette føre til stenging og/eller heimeundervisning.

Skular og barnehagar i Noreg har fått melding om at vi skal planlegge for å starte barnehage- og skuleåret på grønt nivå i august. Det betyr at vi kjem framleis til å ha med oss trafikklysmodellen etter ferien.

Dersom det er spesiell informasjon kring overgang til grønt nivå for din barnehage, skule eller klasse, vil du få denne informasjonen frå barnehagen eller skulen du høyrer til.

Ikkje nøl med å ta kontakt med skulen eller barnehagen, om det er noko du lurar på.

*Vi vil takke alle heimar for innsatsen så langt og ser fram til eit fortsatt godt samarbeid kring smittevern!*

Helsing

skule og barnehageleiinga i Kviteseid kommune